

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 04.12.2014
MØTESTAD: Helse Vest RHF

Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå utvalet

Lise Reinertsen	Leiar
Reidun Johansen	Medlem
Gunnar Berge	Medlem

Ingen forfall

Deltakarar frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberstet (sekretær for komiteen)

Sakliste:

Sak 33/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 34/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 30.9.2014
Sak 35/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor
Sak 36/14 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2015
Sak 37/14 O Forslag til revisjonsplan 2015
Sak 38/14 O Oppfølging av prosjekt om pasientreiser
Sak 39/14 O Styresaker 8.12.2014
Sak 40/14 O Tidlegfaseutgreiingar i byggeprosjekt
Sak 41/14 O Eventuelt

Sak 42/14 O Regulering av løn til leiar av internrevisjonen (u.off ofl §14.1)

Sak 33/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 34/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 30.9.2014

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 30.09.2014.

Sak 35/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor

Oppsummering:

Internrevisor hadde ein gjennomgang av status på sakene og presenterte prosjektmandatet for det nyleg oppstarta prosjektet innan rehabilitering. Det blir vinkla inn mot de private institusjonane Helse Vest RHF har avtale med, avgrensa til institusjonane sin internkontroll etter helselovgjevinga. I drøftinga kom det fram ønskje om å få høyre om korleis institusjonane fangar opp brukarane sine behov, og inkludere nøkkeltal for omfanget.

Vedtak (samrøystes):

Utvalet tar saka til orientering.

Sak 36/14 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2015

Oppsummering:

Utvalet drøfta møtetidspunkta for 2015 og ønskjer å flytte møtet 31. mars til 7. april. Møtestad blir Haugesund. Vidare blei det bedt om at revisjonsplan blir lagt inn som tema i oktobermøtet neste år.

Vidare er det slik at Reidun Johansen venteleg vil tre ut av styret neste år, og dermed òg revisjonsutvalet. Val av nytt medlem til utvalet blir ikkje gjennomført før etter neste møte i utvalet (12.2). Styret må ha ein prosess og sak om dette på nyåret. Det vart her vist til at dersom styret ønskjer å oppretthalde ordninga med at ein av medlemmene i utvalet skal vere ansattvalt, så må suppleringsvalet til revisjonsutvalet venta på valet blant tilsette i vinter.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar oppdatert aktivitetsplan til orientering. Møtet 31. mars blir flytta til 7. april kl. 1730 i Haugesund.

Sak 37/14 O Forslag til revisjonsplan 2015

Oppsummering:

Internrevisor gjekk gjennom det materiale som ligg føre for val av revisjonsprosjekt. I saka kom det fram følgjande bruttoliste for prosjekt.

- Planlegging for gevinstrealisering i større byggeprosjekt
- System for internkontroll og risikostyring blant private leverandører av helsetenester
- System for internkontroll og risikostyring i føretaksgruppa
- IKT-sikkerhet og arbeidsprosesser - har vi system som snakkar godt saman (pasientrelatert, tilsettrelatert)
- Tilskotsforvaltning i RHF-et og HF-a
- Regime for oppfølging av regionale planar
- Fristbrot
- Korridorpasientar
- Avviksmeldingar og –behandling i HF-a
- Forsking som grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbedring

Det er ønske i utvalet om at nokre av prosjekta kan gjerast som avgrensa revisjonar. Utvalet ønskjer også å ta bort punkta om «IKT», «Fristbrot» og «Korridorpasientar», og bad internrevisor utarbeide forslag til heilskapleg plandokument med breiare omtale av dei resterande punkta. Planutkastet sendes medlemmene over nyårshelga. Utvalet vil vurdere å ha eit ekstramøte i januar for å behandla planen, eventuelt ta den på det første planlagde møte i februar.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet ber internrevisor utarbeide eit utkast til samla revisjonsplan.

Sak 38/14 O Oppfølging av prosjekt om pasientreiser

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tek orienteringa om utviklinga på nasjonalt nivå innan pasientreiseområdet til orientering.

Sak 39/14 O Styresaker 8.12.2014

Oppsummering:

Utvalet tok for seg sakslista til styremøtet 8.12.2014 og drøfta seg gjennom dei sakene av størst relevans for utvalet sitt mandat. Utvalet konkluderte med at arbeidsmåten bør inn som fast element på utvalet sine møte. Derfor vil utvalet òg tilstrebe å legge sine møter i forkant av styremøta. Administrasjonen blir oppfordra til å spille inn forslag til saker som kan være relevante agendapunkter.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tek saka til orientering

Sak 40/14 O Tidlegfaseutgreiingar i byggeprosjekt

Oppsummering:

Eigardirektør Ivar Eriksen gjekk gjennom det system som ein har etablert nasjonalt og regionalt for planlegging av store byggeprosjekt. Bakgrunnen for orienteringa var alle dei byggeplanar som nå vert utvikla i alle helseføretaka i regionen, og som er komne ulikt langt. Det låg òg føre fleire slike saker til styremøtet 8. desember.

Vedtak (samrøystes):

Utvalet tar saka til orientering.

Sak 41/14 O Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 42/14 B Regulering av lønn for leiar av internrevisjonen i Helse Vest (U. Off. Offl. § 14.1)

Revisjonsutvalet drøfta saken og innstiller til styret:

Vedtak (samrøystes):

Leiar av internrevisjonen i Helse Vest si lønn blir regulert opp med 3,3 % med verknad frå 1.mai 2014.

04.12.2014

Ref. Bård Humberset

Lise Reinertsen (Leiar)

Reidun Johansen (Medlem)

Gunnar Berge (Medlem)